

KOMMISJONENS GJENNOMFØRINGSFORORDNING (EU) 2015/2174**2018/EØS/39/32**

av 24. november 2015

om den rettleiande oversikta over miljøvennlege varer og tenester, formatet for oversending av data innanfor europeiske miljøøkonomiske rekneskapar og dei nærmare reglane, strukturen og periodisiteten til kvalitetsrapportane i medhald av europaparlaments- og rådsforordning (EU) nr. 691/2011 om europeiske miljøøkonomiske rekneskapar(*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EU) nr. 691/2011 av 6. juli 2011 om europeiske miljøøkonomiske rekneskapar⁽¹⁾, særleg artikkel 3 nr. 5, artikkel 6 nr. 2 og artikkel 7 nr. 3, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Dei europeiske miljøøkonomiske rekneskapane som vart utarbeidde i forordning (EU) nr. 691/2011, har ein modulstruktur og omfattar særleg ein modul for rekneskapar for sektoren for miljøvennlege varer og tenester i vedlegg V.
- 2) Kommisjonen bør utarbeide ei rettleiande oversikt over miljøvennlege varer og tenester og over den økonomiske verksemda som kjem inn under vedlegg V, innan 31. desember 2015.
- 3) I samsvar med artikkel 6 i forordning (EU) nr. 691/2011 bør medlemsstatane sende inn statistiske data i elektronisk form i eit høveleg teknisk format som skal fastsetjast av Kommisjonen. Initiativet SDMX (Statistical Data and Metadata Exchange) for statistiske og tekniske standardar for deling av data og metadata vart skipa av Den internasjonale oppgjerbanken, Den europeiske sentralbanken, Kommisjonen (Eurostat), Det internasjonale valutafondet, Organisasjonen for økonomisk samarbeid og utvikling (OECD), Dei sameinte nasjonane og Verdsbanken. SDMX gjev statistiske og tekniske standardar for utveksling av offisielle statistikkar. Det bør difor innførast eit teknisk format i samsvar med desse standardane. Medlemsstatane bør få rettleiing i korleis dei skal ta i bruk desse formata i samsvar med krava i denne forordninga. Desse retningslinjene bør utarbeidast av Kommisjonen (Eurostat) i nært samarbeid med medlemsstatane innanfor det europeiske statistikkssystemet.
- 4) Bruk av éin einskild standard for utveksling og oversending av data for dei statistikkane som kjem inn under forordning (EU) nr. 691/2011, vil medverke positivt til integreringa av forretningsprosessane på dette statistikkområdet.
- 5) I samsvar med artikkel 7 nr. 2 i forordning (EU) nr. 691/2011 bør medlemsstatane leggje fram for Kommisjonen (Eurostat) ein rapport om kvaliteten på data som vert sende inn.
- 6) I samsvar med artikkel 7 nr. 3 i forordning (EU) nr. 691/2011 bør Kommisjonen vedta gjennomføringsrettsakter med sikte på å definere dei nærmare reglane, strukturen og periodisiteten til kvalitetsrapportane.
- 7) Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegna frå Utvalet for det europeiske statistikkssystemet —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

*Artikkel 1***Rettleiande oversikt over miljøvennlege varer og tenester og over økonomisk verksemd**

Den rettleiande oversikta over miljøvennlege varer og tenester og over økonomisk verksemd er utarbeidd slik det er fastsett i vedlegget.

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 307 av 25.11.2015, s. 17, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 60/2016 av 18. mars 2016 om endring av EØS-avtalens vedlegg XXI (Statistikk), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 66 av 19.10.2017, s. 33.

(¹) TEU L 192 av 22.7.2011, s. 1.

*Artikkel 2***Teknisk format for oversending av data**

Medlemsstatane skal leggje fram dei dataa som krevst etter forordning (EU) nr. 691/2011, i eit dataformat som er i samsvar med SDMX. Kommisjonen (Eurostat) skal leggje fram detaljert dokumentasjon om desse formata.

*Artikkel 3***Reglane, strukturen og periodisiteten til kvalitetsrapportane**

1. Kwart år skal medlemsstatane leggje fram for Kommisjonen (Eurostat) rapportar om kvaliteten på data som vert sende inn i medhald av forordning (EU) nr. 691/2011, med dei same fristane for oversending som dei som er førte opp i del 4 i vedlegg I–VI til den nemnde forordninga.
2. Kvalitetsrapportane skal innehalde opplysningar om følgjande:
 - a) Kvaliteten på dei kjeldene som er nytta for data som er sende inn i medhald av forordning (EU) nr. 691/2011.
 - b) Dei justeringane som er gjorde av grunnleggjande statistikkar for å tilpasse resultatet til omgrepa og definisjonane i rekneskapane, eller av andre metodologiske grunnar.
 - c) Estimering og utarbeiding av data som ikkje kan utleiast direkte frå statistiske kjelder.
 - d) Brota i tidsseriar som følgje av endring av metodar eller datakjelder, og dei tiltaka som er gjorde for å sikre at tidsseriane er så samanliknbare som råd.

Artikkel 4

Denne forordninga tek til å gjelde den 20. dagen etter at ho er kunngjort i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utfërda i Brussel 24. november 2015.

For Kommisjonen
Jean-Claude JUNCKER
President

VEDLEGG

For å sikre einsarta bruk av vedlegg V til forordning (EU) nr. 691/2011 er det i dette vedlegget ført opp ei rettleiande oversikt over miljøvennlege varer og tenester og over økonomisk verksemd. Oversikta inneheld ei liste over miljøvennlege varer og tenester og ei liste over økonomisk verksemd.

Varene, tenestene og den økonomiske verksemda bør vere relevante på nasjonalt plan. Følgjande aspekt kan nyttast til å vurdere relevans på nasjonalt plan:

- a) Produksjonen av varene og tenestene og den økonomiske verksemda er statistisk signifikant i staten.
- b) Det finst datakjelder til å estimere varene, tenestene og den økonomiske verksemda.

Den rettleiande oversikta er ikkje uttømmende, og det kan finnast andre miljøvennlege varer, tenester og økonomisk verksemd som er relevante på nasjonalt plan.

Miljøvennlege varer og tenester

- Økologiske landbruksprodukt (planteprodukt og animalske produkt), akvakulturprodukt og støttetjenester.
- Brenneved. Anna treverk som oppfyller krava til berekraft.
- Tenester innanfor rehabilitering av gruveanlegg.
- Tenester for oppsamling av dreneringsvatn for å hindre ureining av grunnvatn.
- Elektrisk og meir ressurseffektivt transportutstyr. Eksosrør og eksosrørrelar (medrekna partikkelfilter).
- Instrument, maskiner og apparat til analyse av ureinande stoff, filtrering eller reinsing av gassar og væsker.
- Septiktankar, perforerte spann og liknande som vert nytta til filtrering av vatn før det går i avløpet. Pumper til handsaming av spillvatn, køyretøy til oppsamling av spillvatn og kloakkreinsing, aktivt kol til filtrering av vatn.
- Rør og leidningar til reinseanlegg og til vassforvaltning.
- Sekkar og posar som skal kome i staden for plastposar. Kasser, boksar, containerar og andre romfang til lagring og transport av avfall. Plater, blokkar og liknande av plantefiber, halm eller treavfall, agglomerert med mineralske bindemiddel. Forbrenningsanlegg og maskiner til avfallshandsaming (som til dømes vert nytta på fyllplassar).
- Blybeholdarar til radioaktivt avfall.
- Vedlikehalds- og reparasjonstenester for å minske vasstap.
- Særskilt utstyr til produksjon av energi frå fornybare kjelder: til dømes lagringssystem for biogass, trefyrte kjelar og andre apparat, solcellepanel og fotoelektriske celler, vassrør og vasshjul, vindmøller.
- Biodrivstoff.
- Trekol som oppfyller krava til berekraft.
- Varer til varme- og støyisolering hovudsakleg i bygningar: til dømes korkprodukt, vindauge med tre isolerande lag, isolasjonsmateriale til fasadar, tak og andre delar av bygningar, til dømes materiale av glasfiber, steinull, cellulose, polymerar, polyuretan osv.
- Renoverte beholdarar av tre.
- Særskilt utstyr som er framstilt for miljøvern, og ressursforvaltingsprodukt: t.d. termostatar til regulering av oppvarming og kjøling, termostatventilar, varmpumper, kondenserande kjelar, soloppvarma vassvarmarar.

- Utladingslamper, som lågtrykkslamper (t.d. kompaktlysrør), og dei mest effektive hushaldsapparata.
- Regenerert gummi i uforedla form eller i plater, duk eller band, sekkar og posar av bioplast.
- Maskiner til metallatvinning.
- Tenester innanfor vedlikehald, reparasjon og installering av miljøvennlege varer.
- Elektrisitet, gass og varme frå fornybare kjelder.
- Avsalta vatn og oppsamla regnvatn. Vedlikehald av vassleidningar for å minske vasstap.
- Tenester i samband med kloakkhandsaming: t.d. oppsamling, transport og handsaming av spillvatn, og drift, vedlikehald og reinsing av kloakksystem.
- Tenester knytte til innsamling, handsaming og slutthandsaming av ikkje-farleg og farleg avfall.
- Tenester knytte til handsaming og slutthandsaming av atomavfall.
- Materialutnyttingstenester. Sekundærråstoff.
- Tenester knytte til sanering og reinsing av jord, grunnvatn og overflatevatn.
- Tenester knytte til sanering og reinsing av luft.
- Andre saneringstenester og spesialtenester for å motverke ureining.
- Lågenergibygningar og passivhus og energirenovering av eksisterande bygningar.
- Tenester innanfor vedlikehald og reparasjon av vassnett.
- Reinseanlegg, avfallsanlegg og kloakksystem.
- Kraftverk for fornybar energi, medrekna installering av fotoelektriske panel.
- Støyisoleringsarbeid.
- Ingeniør- og arkitekttenester i samband med lågenergibygningar og passivhus og energirenovering av eksisterande bygningar.
- Ingeniør- og arkitekttenester i samband med prosjekt innanfor fornybar energi.
- Ingeniør- og arkitekttenester i samband med prosjekt for handsaming av vatn, spillvatn og avfall.
- Tenester knytte til teknisk kontroll av veggåande motorvogner med omsyn til utslepp til atmosfæren.
- Forskings- og utviklingstenester innanfor miljøvern og ressursforvaltning.
- Miljørådgevingstenester.
- Innsamling av søppel og avfall frå gater og offentlege rom.
- Administrative tenester innanfor miljøvern og ressursforvaltning.
- Opplæringstenester innanfor miljøvern og ressursforvaltning.
- Miljøtenester som vert ytte av medlemsorganisasjonar.
- Tenester i samband med naturreservat, medrekna vern av ville dyr og planter.

Miljøvennleg økonomisk verksemd

- Økologisk landbruk (planter og husdyr) og akvakulturverksemd og støttetjenester.
- Brenneved. Annan treproduksjon som oppfyller krava til berekraft.
- Rehabilitering av gruveanlegg.
- Oppsamling av dreneringsvatn for å hindre ureining av grunnvatn.
- Produksjon av elektrisk og meir ressurseffektivt transportutstyr. Eksosrør og eksosrørtdelar (medrekna partikkelfilter).
- Produksjon av instrument, maskiner og apparat til analyse av ureinande stoff, filtrering eller reinsing av gassar og væsker.
- Produksjon av septiktankar, perforerte spann og liknande som vert nytta til filtrering av vatn før det går i avløpet. Pumper til handsaming av spillvatn, køyretøy til oppsamling av spillvatn og kloakkreinsing, aktivt kol til filtrering av vatn.
- Produksjon av rør og leidningar til reinseanlegg og til vassforvaltning.
- Produksjon av sekkar og posar som skal kome i staden for plastposar. Kasser, boksar, containerar og andre romfang til lagring og transport av avfall. Plater, blokkar og liknande av plantefiber, halm eller treavfall, agglomerert med mineralske bindemiddel. Forbrenningsanlegg og maskiner til avfallshandsaming (som til dømes vert nytta på fyllplassar).
- Produksjon av blybeholdarar til radioaktivt avfall.
- Vedlikehalds- og reparasjonsverksemd for å minske vasstap.
- Framstilling av særskilt utstyr til produksjon av energi frå fornybare kjelder: til dømes lagringssystem for biogass, trefyrte kjelar og andre apparat, solcellepanel og fotoelektriske celler, vasssturbinar og vasshjul, vindmøller.
- Produksjon av biodrivstoff.
- Produksjon av trekol som oppfyller krava til berekraft.
- Produksjon av varer til varme- og støyisolering hovudsakleg i bygningar: til dømes korkprodukt, vindauge med tre isolerande lag, isolasjonsmateriale til fasadar, tak og andre delar av bygningar, til dømes materiale av glasfiber, steinull, cellulose, polymerar, polyuretan osv.
- Renovering av behaldarar av tre.
- Produksjon av særskilt utstyr som er framstilt for miljøvern, og ressursforvaltning: t.d. termostatar til regulering av oppvarming og kjøling, termostatventilar, varmepumper, kondenserande kjelar, soloppvarma vassvarmarar.
- Produksjon av utladingslamper, som lågtrykkslamper (t.d. kompaktlysrør), og dei mest effektive hushaldsapparata.
- Produksjon av regenerert gummi i uforedla form eller i plater, duk eller band, sekkar og posar av bioplast.
- Produksjon av maskiner til metallattvinning.
- Vedlikehald, reparasjon og installering av miljøvennlege varer.
- Produksjon av elektrisitet, gass og varme frå fornybare kjelder.
- Avsalting av vatn og oppsamling av regnvatn. Vedlikehald av vassleidningar for å minske vasstap.

- Yting av tenester i samband med kloakkhandsaming: t.d. oppsamling, transport og handsaming av spillvatn, og drift, vedlikehald og reinsing av kloakksystem.
 - Yting av tenester knytte til innsamling, handsaming og slutthandsaming av ikkje-farleg og farleg avfall.
 - Yting av tenester knytte til handsaming og slutthandsaming av atomavfall.
 - Yting av materialutnyttingstenester. Produksjon av sekundærråstoff.
 - Yting av tenester knytte til sanering og reinsing av jord, grunnvatn og overflatevatn.
 - Yting av tenester knytte til sanering og reinsing av luft.
 - Yting av andre saneringstenester og spesialtenester for å motverke ureining.
 - Oppføring av lågenergibygningar og passivhus og energirenovering av eksisterande bygningar.
 - Vedlikehald og reparasjon av vassnett.
 - Bygging av reinseanlegg, avfallsanlegg og kloakksystem.
 - Bygging av kraftverk for fornybar energi, medrekna installering av fotoelektriske panel.
 - Støyisoleringsarbeid.
 - Ingeniør- og arkitekttenester i samband med lågenergibygningar og passivhus og energirenovering av eksisterande bygningar.
 - Ingeniør- og arkitekttenester i samband med prosjekt innanfor fornybar energi.
 - Ingeniør- og arkitekttenester i samband med prosjekt for handsaming av vatn, spillvatn og avfall.
 - Tenester knytte til teknisk kontroll av veggåande motorvogner med omsyn til utslepp til atmosfæren.
 - Forskings- og utviklingstenester innanfor miljøvern og ressursforvaltning.
 - Miljørådgevingstenester.
 - Innsamling av søppel og avfall frå gater og offentlege rom.
 - Administrative tenester innanfor miljøvern og ressursforvaltning.
 - Opplæringstenester innanfor miljøvern og ressursforvaltning.
 - Miljøtenester som vert ytte av medlemsorganisasjonar.
 - Tenester i samband med naturreservat, medrekna vern av ville dyr og planter.
-